



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Kontakt saksbehandler

Stig Sandring, 51568931

Høyringsuttale - Høyring av søknad om auka uttak av grunnvatn til postsmoltanlegg - Tytlandsvik Aqua AS, Hjelmeland

Statsforvaltaren konkluderer:

- i) **NVE bør leggja vekt på at Vorma er eit verna vassdrag, og at verneverdiane her skal ivaretakast. Ei dobling av grunnvassuttak som påverkar vassføring er difor ikkje til å tilrå.**
- ii) **Tidlegare undersøkingar om konsekvensar for biologisk mangfald er ikkje lenger tilstrekkeleg dersom uttaket av grunnvatn skal doblast. Det bør utførast standardisert datainnsamling og kartlegging av habitat- og hydrologiske flaskehalsar jf. Miljødesignmetoden, for å kartlegge konsekvensar for anadrome laksefisk. Det bør og utførast kartlegging av miljøkonsekvensar av auka vassuttak for anna biologisk mangfald i og langs vassdraget.**
- iii) **Nye løysingar for avsalting av sjøvatn bør utgreiast og vurderast som vasskjelde. Statsforvaltaren meiner avsalting er eit aktuelt alternativ når vasskjelda har store naturverdiar og er del av verneplan for vassdrag.**

Statsforvaltaren viser til brev frå NVE datert 19.12.2022 angående høyring av søknad om auka uttak av grunnvatn til postsmoltanlegg i Tytlandsvik i Hjelmeland kommune, Rogaland. Tytlandsvik Aqua AS har søkt om utvida konsesjon til uttak av inntil 8 m³ grunnvatn/min (134 l/s). Uttaket er jamt over året.



Bakgrunn

Tytlandsvik Aqua fekk den 23.03.2018 konsesjon til uttak av grunnvatn til produksjon av postsmolt ved anlegget i Tytlandsvik. Konsesjonen gjaldt uttak av inntil 4 m³ grunnvatn/min. Tytlandsvik Aqua blei pålagt å overvaka grunnvassmagasinet. Erfaringane frå dagens uttak blir beskrivne som gode, med stabile tilhøve i brønnane.

På grunn av utviding av anlegget er det i dag behov for meir vatn til produksjon av postsmolt. Tytlandsvik Aqua søkjer difor om utviding av konsesjon til uttak av grunnvatn frå inntil 4 m³ grunnvatn/min til 8 m³ grunnvatn/min. Uttaket vil vera jamt over året.

I grunnvassmodell frå 2022 er det indikasjonar på at det ved utvida uttak vil verta ein reduksjon på middelvassføringa i Vormo på 1,4 %. Ved låg vassføring i sommarmånadane (5-persentil) vil vassføringa i Vormo kunne verta redusert med heile 10%.

Reinsing av sjøvatn er ikkje vurdert som ei mogleg løysing frå tiltakshavar si side. Dette på grunn av at det er vurdert som energikrevjande og at det vil gi negative miljøkonsekvensar i form av utslepp av svært salthaldig avfallsvatn.

Statsforvaltaren si vurdering

Statsforvaltaren vil påpeike at det har vore ei føresetnad for søknad om auka produksjon ved Tytlandsvik Aqua at det ikkje var behov for auka vassuttak og at tiltaket ikkje skulle påverka vassføringa i Vormo som verna vassdrag. Dette går fram av søknad om løyve etter akvakulturloven, datert 29.12.2018, for utviding av produksjon ved Tytlandsvik Aqua frå 5000 tonn til 15 000 tonn. Her svara søker «ja» på spørsmålet «*Er regulering og vannuttak som søknaden krever, behandlet av Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)?*» I søknadens kapittel 3.2 om vassressursar skreiv søker og følgjande: «*Elva Vormo munner ut i Jøsenfjorden ved Tøtlandsvik som er et vernet vassdrag. Vassdraget vil ikkje berøres da Tytlandsvik Aqua har tillatelse til uttak av grunnvann. Tytlandsvik Aqua har tillatelse for NVE til uttak av 4m³/minutt fra grunnvannsreservoar. Det er boret sjøvannsbrønn på kaianlegget, hovedsakelig for bruk til regulering av saltholdighet*» Etter at Tytlandsvik Aqua fekk løyve etter akvakulturloven til å auke produksjonen til 15 000 tonn den 14.02.2022 søker selskapet NVE om dobling av vassuttaket.

Vormo er eit verna vassdrag, og det bør difor leggst vekt på at tiltaket ikkje skal føra til endring av i vassføring i elva jf. *kap. 3 i forskrift om retningslinjer for verna vassdrag*. Dette var også ein av føresetnadane i høyringsuttala frå Statsforvaltaren til NVE i 2018 i samband med første søknad om uttak av grunnvatn. På grunn av verneverdiar knytt til Vormo meiner Statsforvaltaren at det bør tas ekstra omsyn til negative effektar tiltaket kan føra med seg for biologisk mangfald. Det er viktig at tiltak ikkje forringar kantsona og kantvegetasjonen si funksjon for naturmangfaldet på land og i vatn. Den flaumpåverka naturtypen gråor-heggeskog er registrert i nedre delar av Vormo. Naturtypen er vurdert som viktig ut frå generelle tilhøve som storleik, høg produktivitet og sjønær plassering. Naturtypen er fuktkevande, og den regionalt sjeldne evjeelvmosen er mellom anna registrert i området. Statsforvaltaren vurderer at naturtypen med tilhøyrande artar ikkje bør bli påverka, verken direkte eller indirekte.

Vormo er eit anadromt vassdrag med både laks (NT) og sjøaure. I Norsk raudliste for arter 2021 ble statusen for laks oppjustert til nær truet (NT) i 2021. Vitskapeleg råd for lakseforvaltning (VRL) har vurdert laksebestanden i Vormo etter kvalitetsnorma for villaks til «Moderat» tilstand basert på data



frå 2015-2019 (VRL 2020)¹. Tilstanden til sjøaurebestanden i Vormo er vurdert til «Dårleg» (VRL 2019)².

I søknaden frå Tytlandsvik Aqua kjem det fram at auka grunnvassuttak vil føra til ein reduksjon på middelvassføringa i Vormo på 1,4 %. Ved låg vassføring i sommarmånadane (5-persentil) vil vassføringa i Vormo kunna verta redusert med 10 %. Dette kan føre til negative verknadar for biologisk mangfald både på land og i vatn, spesielt med omsyn til redusert vassføring og vassdekt areal i langvarige og nedbørsfattige periodar av året. Statsforvaltaren vurderer at kunnskapsgrunnlaget knytt til biologisk mangfald i og langs vassdraget er manglande.

For å vurdere konsekvensane av vassføringsendringar for anadrome laksefisk er det nødvendig med bruk av standardisert datainnsamling og verktøy for kartlegging av habitatflaskehalsar og hydrologiske flaskehalsar jf. *Håndbok for miljødesign i regulerte laksevassdrag* (Forseth & Harby 2013)³. Tiltakets konsekvensar for eksempelvis vassdekt areal ved låg vassføring har stor betydning for habitatas økologiske funksjon som gyteområde og oppvekstområde for laks og sjøaure. Dette er basal informasjon som manglar i saka og som gjer at ein ikkje kan vurdere dei konkrete verknadane for laks og sjøaure på kort eller lang sikt.

I rapport frå COWI om verknadar av planforslaget frå 2016 er det lagt til grunn at grunnvassuttak ikkje vil ha nokon effekt på biologisk mangfald. Ved ei dobling av grunnvassuttak vil ikkje dette lenger vera tilfellet. Statsforvaltaren vurderer difor at det ikkje er gjort tilstrekkelege undersøkingar i og ved Vormo, for å kartleggja kva effektar endringar i vassdekt areal har å seia for til dømes fisk, kantvegetasjon og viktige naturtypar. På grunn av dette bør moglege miljøeffektar av tiltaket utgreiast grundig.

I dag er det ei rekke nye landbaserte akvakulturanlegg som planlegg og legg til grunn avsalting av sjøvatn som teknologisk løysing og vasskjelde for landbasert produksjon av laks. Statsforvaltaren vurderer at auka produksjon bør basere seg på ny teknologi for reinsing av sjøvatn når anlegget er etablert ved verna vassdrag med store naturverdiar. Det bør difor sjåast på moglegheitene for bruk av avsaltingsanlegg, og gjera ei grundigare kartlegging av kva eventuelle miljøkonsekvensar det vil gi i det aktuelle området. Ut i frå den informasjonen som Statsforvaltaren har motteke i saka er det inga utgreiing eller konsekvensanalyse på dette feltet frå tiltakshavar si side.

Statsforvaltaren vurderer det som viktig at uttak av grunnvatn ikkje påverkar landbruksjorda eller produksjonen til nabogarden (eigedom 35/1) negativt.

Statsforvaltaren minner om at alle offentlege vedtak må vurderast etter miljørettsprinsipp i §§ 8 -12, jf. § 7 i naturmangfaldlova. Vurderingane skal vere synlege i vedtaket.

Me ber om ein kopi av vedtaket blir sendt til Statsforvaltaren i Rogaland ved sakshandsamar.

¹ Vitenskapelig råd for lakseforvaltning 2021. Status for norske laksebestander i 2021. Rapport fra Vitenskapelig råd for lakseforvaltning nr 16, 227 s.

² Vitenskapelig råd for lakseforvaltning 2019. Klassifisering av tilstanden til 430 norske sjøørretbestander. Temarapport fra Vitenskapelig råd for lakseforvaltning nr 7, 150 s.

³ Forseth, T., & Harby, A. (red.) 2013. Håndbok for miljødesign i regulerte laksevassdrag. CEDREN – Center for Environmental Design of Renewable Energy. NINA Temahefte 52, 90 s.



Med hilsen

Einar Heegaard (e.f.)
fagleiar natur

Stig Sandring
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent